

Årdal Elveeigarlag  
v/ Olaf Vestersjø  
4137 Årdal i Ryfylke

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
0015878	
DATO	20 MAI 2003
AN	EKSP.
511/Lyse	

Årdal 19.05.2003

Olje- og energidepartementet, Postboks 8148 Dep, 0033 OSLO  
Miljøverndepartementet, Postboks 8013 Dep, 0030 OSLO

Direktoratet for Naturforvaltning, Tungasletta 2, 7485 Trondheim  
Fylkesmannen i Rogaland, Postboks 59, 4001 Stavanger

LYSE PRODUKSJON AS  
REVISJON AV REGULERINGSKONSESJON AV 19. 11. 1948 FOR  
ÅRDALSVASSDRAGET OG STØLSÅNA I HJELMELAND OG FORSAND  
KOMMUNAR, ROGALAND.

MERKNADER TIL NVEs INNSTILLING AV 26. 03. 2003 TIL OLJE- OG  
ENERGIDEPARTEMENTET.

Ein viser til NVEs innstilling av 26. 03. 2003 som elveeigarlaget har fått kopi av.

Årdal elveeigarlag er glad for at NVE går inn for at det vert fastsett nye vilkår av miljøomsyn, og at regulanten vert pålagt krav om minstevassføring ved Nes i Årdalsvassdraget.

Det er viktig at NVE slår fast at det med relativt begrensa tiltak kan gjerast betydelege forbetringar for fiskebestanden i vassdraget, og at det viktigaste tiltaket er å unngå periodar med svært låg vassføring.

NVE meinar at krav om minstevassføring ved Nes på minst 2 m<sup>3</sup>/s om sommaren (01.06.-15.09.), og 1 m<sup>3</sup>/s om vinteren (16.09.-31.05.), vil bety vesentleg forbetring av produksjon og oppvekstvilkår for fisk.

NVE trur eit slikt krav fører til omlag 5 GWh redusert kraftproduksjon i eit gjennomsnittsår i Lysebotn kraftstasjon, men talet er usikkert.

Eit slikt tap vil utgjera mindre enn 0,4 % av den årlege gjennomsnittsproduksjonen i kraftstasjonen, og vil auka produksjonsprisen med berre ca. 0,03 øre pr. kWh. Elveeigarlaget meinar vassføringskravet er eit særskilt miljøkrav.

#### 1. Vassføringskravet må tilpassast målestaden på Kaltveit.

NVE foreslår at minstevassføringskravet skal kontrollerast ved målestasjonen på Kaltveit, ikkje på Nes.

Målestasjonen på Kaltveit ligg ca. 4,5 km lenger nede i vassdraget enn Nes.

NVE meinar lokaltilsiget mellom Nes og Kaltveit målestasjon betyr svært lite ved låge vassføringer.

Elveeigarlaget sine avlesingar på målestavane viser noko anna:

	Nes	Kaltveit	
19.08. 1999:	0,8 m <sup>3</sup> /s	1,2 m <sup>3</sup> /s	dvs auke 50 %
24.08. 2002:	0,43 "	0,7 "	dvs auke 60%

Elveeigarlaget meinar difor:

Dersom NVEs forslag om minstevassføring ved Nes på 1,0 og 2,0 m<sup>3</sup>/s skal kontrollerast ved Kaltveit målestasjon, må kravet ved Kaltveit ikkje vera mindre enn 1,5 og 3,0 m<sup>3</sup>/s.

(Dette aukar ikkje krafttapet for regulanten, det hindrar berre urett kontroll av NVEs krav.)

Lakseførande strekning ovafor Kaltveit målestasjon er meir enn 5 km. Dersom ein ikkje krev høgare vassføring ved Kaltveit enn foreslått for Nes, kan ein lang elvestrekning framleis få ekstremt lita vassføring i viktige periodar for fiskerekrutteringen.

#### 2. NVEs minstevassføringskrav er svært lågt og bør kunna justerast.

NVEs forslag vil truleg føra til at vassdraget både ovafor og nedafor samlopet på Tveit i viktige periodar får lågare vassføring enn alminneleg lågvassføring før reguleringa

(5,5 m<sup>3</sup>/s etter samlopet).

Elveeigarlaget meinar det må vera mogleg å justera vassføringskravet.

Ei høgare sommarvassføring er svært viktig for yngelproduksjonen og overleving i oppveksttida.

Dei allmenne interessene knytta til landskaps- og naturopplevelingar, fiske og anna friluftsliv, treng også ei høgare minstevassføring om sommaren enn det NVE foreslår.

Som ei ekstra sikring for smoltutvandringa i kritiske år bør kravet til vintervassføring berre gjelde til 1. mai istaden for 1. juni..

I slutten av september kan vassføring vera svært lita. I 2002 var vassføringa ved Leirberget nedst i vassdraget under 3 m<sup>3</sup>/s frå ca. 20. september til ca. 20. oktober. Nyklekt yngel og anna ungfisk kan sikrast betre ved at minstevassføringskravet om sommaren gjeld fram til 15. oktober i staden for 15. september.

Desse forslaga til endringar vil minka kraftproduksjonen svært lite, men kan bety mykje for overlevinga av ungfisken i kritiske år.

Framleis vil miljøkrava for Lyse Produksjon AS vera særskilt rimelege.

#### 3. Tilleggsvatnet bør sleppast via Viglesdalsvatnet.

Målingar ved Nes gjennom fleire år har vist at Storåna har høgare temperatur og pH-verdi enn Lyngsåna.

Laksen kan gå minst ein kilometer lengre opp enn samlopet mellom Storåna og Lyngsåna nedafor Nes.

Av desse grunnar, samt omsynet til den svært mykje brukte turistruta langs Hiafossane til Viglesdalshytta, bør tilleggsvatnet sleppast via Viglesdalsvatnet.

#### 4. Nytt revisjonstidspunkt må vera tidlegare enn om 30 år.

NVE foreslår at konsesjonsvilkåra kan tas opp til revisjon etter 30 år frå den dagen revisjonen blir vedtatt.

Konsesjonen er frå 19.11. 1948 og kunne med heimel i lov av 19. 06. 1992 nr. 62 reviderast 19. 11. 1998.

Årdal elveeigarlag tok opp revisjonsspørsmålet med NVE i september 1995, og Hjelmeland kommune tok det opp i 1996.

NVE nedprioriterte og trenerte revisionssaka i fleire år. Elveeigarlaget måtte bruka Sivilombodsmannen i byrjinga av 2001 for at NVE ikkje skulle seinka saka endå meir.

Lova av 1992 som opna for revidering av gamle vilkår har 30 år som standardperiode fram til neste revisjonstidspunkt .

Det kan ikkje vera rett å omgå lova og laga lengre revisjonsintervall enn 30 år ved å nedprioritera revisjonssaker i NVE.

Elveeigarlaget krev at konsesjonsvilkåra kan tas opp til revisjon etter 30 år rekna frå 19. 11. 1998.

##### 5. Økonomiske vilkår treng å reviderast for å nå miljømåla i revisjonslova.

NVE meinar ein ved vilkårsrevisjon skal legga vekt på miljøtiltak og ikkje endra dei generelle økonomiske vilkåra (konsesjonsavgifter,m.m.).

NVE meinar å ha støtte for dette og siterar brev av 10. 05. 1999 frå Olje- og energidepartementet til Landssamanslutninga av vassdragskommunar, bl. a.

"Departementet ser det derfor slik at formålet med revisjon i hovedsak vil være muligheten for å kunne iverksette miljøforbedrende tiltak."

I denne revisionssaka har regulanten prøvd å skrema vertskommunane Hjelmeland og Forsand frå å kreva betre miljøtiltak, ved å påvisa nedgang i skattar og konsesjonsavgifter etter miljøtilpassa revisjon av reguleringsvilkåra.

Dersom dette blir konsekvensane for vertskommunar vil dette vera eit klart hinder for å nå målet for revisjonslova: å kunna gjennomføra miljøforbetrande tiltak i eldre reguleringar.

Dette kan vera eit aktuelt problem i mange revisionssaker og må få ei juridisk klarlegging der omsynet til føremålet med lovendringa veg tyngst.

Dei økonomiske vilkåra må kunna reviderast slik at vertskommunar ikkje tapar økonomisk på miljøtiltak som vert gjennomført av omsyn til allmenne interesser.

Dersom dette ikkje vert gjort kan næringssvake kommunar måtta motarbeida forslag om betre miljøvilkår.

Elveeigarlaget meinar NVE si tolking av lova kan hindra at lova får den verknad som lova var tiltenkt.

Dei økonomiske spørsmåla ved revisionssaker kan ikkje vera grundig nok gjennomtenkt av NVE.

Elveeigarlaget meinar det må vera i samsvar med revisjonslova å revidera dei økonomiske vilkåra slik at vertskommunar ikkje får økonomiske tap på grunn av reviderte miljøvilkår.

##### 6. Samandrag.

- Dersom NVEs forslag om minstevassføring ved Nes på 1,0 og 2,0 m<sup>3</sup>/s skal kontrollerast ved Kaltveit målestasjon, må kravet ved Kaltveit ikkje vera mindre enn 1,5 og 3,0 m<sup>3</sup>/s.
- Tilleggsvatnet bør sleppast via Viglesdalsvatnet.
- Minstevassføringskravet er svært lågt og bør kunna justerast dersom vassføringa vert lågare enn alminneleg lågvassføring i kritiske periodar for fisken.
- Kravet til minstevassføring om sommaren må gjelda frå 1. mai til 15. oktober, i staden for frå 1. juni til 15. september.
- Tidsperioden fram til neste tidspunkt for vilkårsrevisjon må reknast frå 19.11. 1998.
- Dei økonomiske vilkåra må reviderast slik at vertskommunane ikkje får økonomiske tap på grunn av reviderte miljøvilkår.

Med helsing



Olaf Vestersjø  
formann

Kopi til NVI, Postboks 5091, Majorstua, 0301 OSLO  
Hjelmeland kommune, 4130 Hjelmeland  
Forsand kommune, 4110 Forsand